



SÆRUTSKRIFT

Arkivsak 201208986
Arkivnr. 60
Sakshandsamar Tryti, Anna Elisa

| Saksgang | Møtedato | Saknr. |
|---------------------------|----------|--------|
| Kultur- og ressursutvalet | 11.06.13 | 68/13 |
| Fylkesutvalet | 20.06.13 | 174/13 |

HØYRINGSUTTALE - KULTURUTREDNINGEN 2014 - NOU 2013:4

Kultur- og ressursutvalet **11.06.13**

Christopher Beckham (A) sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Endre pkt. 10 til: Hordaland fylkeskommune meiner at kulturminnevernet må flyttast frå miljøverndepartementet til kulturdepartementet»
Endre pkt.16 til: Hordaland fylkeskommune meiner at kulturskulen fortsatt bør vere i kunnskapsdepartementet.»

Siri Klokkestuen (A) sette fram følgjande oversendingsforslag:

«Nytt pkt. 18 til: Korpsa er eit lokalt ressurscenter. I det lokale kulturloftet i kommunane er det avgjerande viktig å sikre korpsa si rekruttering og utvikling. Viktige verkemiddel er innføring av ei dirigentlønnsordning, gode avtalar om øvings- og framføringslokale. I tillegg vil ein frå Hordaland oppmoda om å utvikle ordningar med lettare samarbeid mellom grunnskule, kulturskule og korps for å vidareutvikla og rekruttera til korpsrørsla.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Beckham og Klokkestuen sine forslag vart samrøystes vedtekne oversendt til fylkesutvalet.

INNSTILLING

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer ei utvikling innan kulturpolitikken som legg til rette for sterke kulturelle sentra over heile landet og vil særleg peike på den vekstkrafta som ligg i Bergen som ein sterk by nr 2 for kulturutvikling regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
2. Hordaland fylkeskommune vil arbeide for å sikre eit større regionalpolitisk handlingsrom med ei aktiv rolle i utforminga av nasjonal kulturpolitikk, og presse på for at sentrale kulturinstitusjonar og –tiltak i Hordaland blir prioriterte ved statlege løyvingar.

3. For å motverke sentraliseringa innan norsk kulturpolitikk, foreslår Hordaland fylkeskommune eit forsøk på Vestlandet med regionalisering av verkemidlar frå Norsk Kulturråd, Nasjonalbiblioteket, Riksantikvaren, Norsk kulturminnefond og Riksarkivet.
4. Hordaland fylkeskommune meiner at kultur har sin klare eigenverdi, samstundes som kultur er ei grunnleggjande utviklingskraft i samfunnet, i skjeringsfeltet mellom kultur og næring og kultur og stadutvikling. Eit viktig mål med kulturpolitikken, er å kvalitetssikre samfunnsutviklinga med dei transformasjonane den demografiske og fysiske utviklinga gjev. Dette gjer urbanisering og stadutvikling, arkitektur, design og infrastrukturutvikling til viktige område for kulturpolitikken.
5. Hordaland fylkeskommune deler utvalet sitt synspunkt om behovet for eit nytt kulturomgrep, men tenkjer omgrepet «ytringskultur» ikkje er tilstrekkeleg klargjerande. Hordaland fylkeskommune meiner at idrett og media burde vore handsama i utvalet sitt arbeid, og meiner at desse politikkområda også bør ligge til grunn for Kulturløftet 3.
6. Hordaland fylkeskommune stør Enger-utvalet si påpeiking av behovet for å styrke forskingsinnsatsen på det kulturpolitiske området, men vil rå til at det vert gjennomført ei omfattande utgreiing før ein tek stilling til ei evt. etablering av eit eige forskingssenter for kultur. Eit alternativ vil vere å opprette eit større forskingsprogram som stimulerer dei fagspesifikke forskingsmiljøa som er lokalisert regionalt.
7. Hordaland fylkeskommune stør Grund-utvalet sitt forslag om oppretting av eit forskingssenter innan mediefeltet og meiner det bør lokaliserast til Universitetet i Bergen, gjerne i samarbeid med Norges Handelshøyskole, Høgskolen i Bergen og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.
8. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert utvikla ein strategi for ein systematisk dialog mellom stat og fylkeskommunar på kulturfeltet, gjennom regionale planar og i den årlege budsjettprosessen, der også verkemidlar frå fleire departement vert sett i samanheng.
9. Hordaland fylkeskommune er positiv til ei nasjonal evaluering av museumsreforma. Evalueringa bør ha ei tematisk breidd som gjev kunnskap om både faglege og organisatoriske endringar og gje eit oversyn over musea sine behov for styrking av drift og investeringar. Evalueringa bør undersøkje musea si samfunnsrolle.
10. Hordaland fylkeskommune meiner at kulturminnevernet også i framtida høyrer til Miljøverndepartementet. Kulturminnevern- og museumsfeltet må styrkjast gjennom forpliktande samhandling mellom Kultur- og Miljøverndepartementa og det bør etablerast ordningar for drift av særlege kulturminne og fartøy.
11. Hordaland fylkeskommune vil peike på at utgreiinga ikkje har vurdert det utviklingsarbeidet og den funksjonen som dei kommunale og regionale arkivinstitusjonane har hatt for bevaring og formidling av arkiv i Noreg. For å styrkje dette arbeidet nasjonalt og lokalt er ein avhengig å utnytte dynamikken og samspelet mellom arkivinstitusjonane på tvers av fag- og forvaltningsnivå.
12. Hordaland fylkeskommune meiner at støtteordninga for privatarkiv bør styrkast, og ein bør sjå på tiltak som kan støtte opp under forpliktande samarbeid på tvers av forvaltningsnivå.
13. Hordaland fylkeskommune er einig i at biblioteka er unike lokale kulturarenaer med høgt tilgjenge og låg terskel for deltaking og støtter utvalet i at sektoren må styrkjast. Øyremerka tilskot til utvikling og kompetanseheving bør kanalisert gjennom fylkeskommunane, slik at bruk av midlane kan tilpassast lokale behov utifrå statleg, regional og lokal bibliotekpolitikk.
14. Hordaland fylkeskommune meiner det bør etablerast ei nasjonal støtteordning til investering i biblioteklokale og –bussar for å styrkje biblioteka sin funksjon som møteplass og formidlingsarena.

15. Hordaland fylkeskommune støtter utvalet i at det er behov for betre samordning og styrking av det statlege nivået i DKS-ordninga, og anbefaler at ein ser nytt og heilskapleg på den samla ressursinnsatsen på dette området, bryt ned eksisterande strukturar og byggjer opp ein ny organisasjon som kan ivareta alle kunstuttrykka i DKS og koordinera overordna oppgåver som gjeld arbeidsvilkår, tildeling og rapportering, kommunikasjon, kompetanse og kvalitetsutvikling. Hovudansvaret for utforming av det konkrete kunst- og kulturtilbodet må framleis ligga i kommunar og fylkeskommunar.
16. Hordaland fylkeskommune støtter fullt ut at kulturskulen vert overført til Kulturdepartementet. Kulturskulen saknar verkemiddel på regionalt nivå. Fylkeskommunen bør få lovregulert regionalt ansvar for kulturskulen innan kompetanseutvikling, talentutvikling, koordinering mellom kommunane og betre samankopling mellom kulturskulen, DKS og Ungdommens kulturmønstring og betre samankopling mellom kulturskulen og vidaregåande opplæring.
17. Den sterke sentraliseringa på filmområdet er ei hovudutfordring for utvikling av den regionale bransjen, og Hordaland fylkeskommune etterlyser såleis ei offensiv haldning til korleis regional filmproduksjon kan styrkast. Dette kan danna grunnlaget for ein meir målretta og samla filmpolitikk til beste for ei sterk utvikling av filmmiljøet regionalt og nasjonalt. Som eit klart andre sentrum for filmproduksjon i Noreg, må særleg Vestlandet sikrast innflytelse ved overføring av mynde og midlar til regionalt nivå.

Beckham og Klokkestuen sine forslag vart samrøystes oversendt til fylkesutvalet.

Fylkesutvalet 20.06.13

Ruth Grung sette fram slikt forslag:

«a) Endre punkt 10 til:

Hordaland fylkeskommune meiner at kulturminnevernet må flyttast frå Miljøverndepartementet til Kulturdepartementet. Det vil styrke kulturminnevernet å få sett det saman med resten av kulturfeltet og auke fokus på vern gjennom bruk.

b) Endre punkt 16 til:

Hordaland fylkeskommune meiner at kulturskulen fortsett bør vere i Kunnskapsdepartementet. Det er behov for å styrke dei estetiske faga i skolen for å auke motivasjon og læring. Kulturskolen bør difor ikkje overførast til Kulturdepartementet, men vere med å styrke dei estetiske faga i skolen og gjere tilbodet tilgjengelig for flest mogleg barn.

c) Tillegg punkt 17:

Eit konkret forslag som bør vurderast er å øymerke støtte til dokumentar og dataspel, og at forvaltninga vert lagt til Bergen.

d) Nytt punkt 18:

Korpsa er eit lokalt ressurscenter. I det lokale kulturløftet i kommunane er det avgjerande viktig å sikre korpsa si rekruttering og utvikling. Viktige verkemiddel er innføring av ei dirigentlønnsordning og gode avtalar om øvings- og framføringslokale. I tillegg vil ein frå Hordaland oppmoda om å utvikle ordningar med lettare samarbeid mellom grunnskule, kulturskule og korps for å vidareutvikla og rekruttera til korpsrørsla.»

Røysting

Innstillinga punkt 1-9 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 10 vart vedteken mot 4 røyster (A) for Grung sitt forslag a).

Innstillinga punkt 11-15 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 16 vart vedteken mot 6 røyster (A, Sp, SV) for Grung sitt forslag b).

Innstillinga punkt 17 vart samrøystes vedteken.

Grung sitt forslag c) fekk 6 røyster (A, Sp, SV) og fall.

Grung sitt forslag d) fekk 7 røyster (A, Sp, SV, KrF) og fall.

VEDTAK

1. Hordaland fylkeskommune ønskjer ei utvikling innan kulturpolitikken som legg til rette for sterke kulturelle senter over heile landet, og vil særleg peike på den vekstkrafta som ligg i Bergen som ein sterk by nr. 2 for kulturutvikling regionalt, nasjonalt og internasjonalt.
2. Hordaland fylkeskommune vil arbeide for å sikre eit større regionalpolitisk handlingsrom med ei aktiv rolle i utforminga av nasjonal kulturpolitikk, og presse på for at sentrale kulturinstitusjonar og -tiltak i Hordaland vert prioriterte ved statlege løyvingar.
3. For å motverke sentraliseringa innan norsk kulturpolitikk, foreslår Hordaland fylkeskommune eit forsøk på Vestlandet med regionalisering av verkemiddel frå Norsk Kulturråd, Nasjonalbiblioteket, Riksantikvaren, Norsk kulturminnefond og Riksarkivet.
4. Hordaland fylkeskommune meiner at kultur har sin klare eigenverdi, samstundes som kultur er ei grunnleggjande utviklingskraft i samfunnet, i skjeringsfeltet mellom kultur og næring og kultur og stadutvikling. Eit viktig mål med kulturpolitikken, er å kvalitetssikre samfunnsutviklinga med dei transformasjonane den demografiske og fysiske utviklinga gjev. Dette gjer urbanisering og stadutvikling, arkitektur, design og infrastrukturutvikling til viktige område for kulturpolitikken.
5. Hordaland fylkeskommune deler utvalet sitt synspunkt om behovet for eit nytt kulturomgrep, men tenkjer omgrepet «ytringskultur» ikkje er tilstrekkeleg klargjerande. Hordaland fylkeskommune meiner at idrett og media burde vore handsama i utvalet sitt arbeid, og meiner at desse politikkområda også bør ligge til grunn for Kulturløftet 3.
6. Hordaland fylkeskommune stør Enger-utvalet si påpeiking av behovet for å styrke forskingsinnsatsen på det kulturpolitiske området, men vil rå til at det vert gjennomført ei omfattande utgreiing før ein tek stilling til ei evt. etablering av eit eige forskingssenter for kultur. Eit alternativ vil vere å opprette eit større forskingsprogram som stimulerer dei fagspesifikke forskingsmiljøa som er lokalisert regionalt.
7. Hordaland fylkeskommune stør Grund-utvalet sitt forslag om oppretting av eit forskingssenter innan mediefeltet og meiner det bør lokaliserast til Universitetet i Bergen, gjerne i samarbeid med Norges Handelshøyskole, Høgskolen i Bergen og Kunst- og designhøgskolen i Bergen.
8. Hordaland fylkeskommune ber om at det vert utvikla ein strategi for ein systematisk dialog mellom stat og fylkeskommunar på kulturfeltet, gjennom regionale planar og i den årlege budsjettprosessen, der også verkemiddel frå fleire departement vert sett i samanheng.
9. Hordaland fylkeskommune er positiv til ei nasjonal evaluering av museumsreforma. Evalueringa bør ha ei tematisk breidd som gjev kunnskap om både faglege og organisatoriske endringar og gje eit oversyn over musea sine behov for styrking av drift og investeringar. Evalueringa bør undersøkje musea si samfunnsrolle.
10. Hordaland fylkeskommune meiner at kulturminnevernet også i framtida høyrer til Miljøverndepartementet. Kulturminnevern- og museumsfeltet må styrkjast gjennom forpliktande samhandling mellom Kulturdepartementet og Miljøverndepartementet, og det bør etablerast ordningar for drift av særlege kulturminne og fartøy.
11. Hordaland fylkeskommune vil peike på at utgreiinga ikkje har vurdert det utviklingsarbeidet og den funksjonen som dei kommunale og regionale arkivinstitusjonane har hatt for bevaring og formidling av arkiv i Noreg. For å styrkje dette arbeidet nasjonalt og lokalt er ein avhengig å utnytte dynamikken og samspelet mellom arkivinstitusjonane på tvers av fag- og forvaltningsnivå.
12. Hordaland fylkeskommune meiner at støtteordninga for privatarkiv bør styrkast, og ein bør sjå på tiltak som kan støtte opp under forpliktande samarbeid på tvers av forvaltningsnivå.

13. Hordaland fylkeskommune er einig i at biblioteka er unike lokale kulturarenaer med høgt tilgjenge og låg terskel for deltaking og støttar utvalet i at sektoren må styrkjast. Øyremerkte tilskot til utvikling og kompetanseheving bør kanaliseras gjennom fylkeskommunane, slik at bruk av midlane kan tilpassast lokale behov utifrå statleg, regional og lokal bibliotekpolitikk.
14. Hordaland fylkeskommune meiner det bør etablerast ei nasjonal støtteordning til investering i biblioteklokale og -bussar for å styrkje biblioteka sin funksjon som møteplass og formidlingsarena.
15. Hordaland fylkeskommune støttar utvalet i at det er behov for betre samordning og styrking av det statlege nivået i DKS-ordninga, og tilrår at ein ser nytt og heilskapleg på den samla ressursinnsatsen på dette området, bryt ned eksisterande strukturar og byggjer opp ein ny organisasjon som kan ivareta alle kunstuttrykka i DKS og koordinere overordna oppgåver som gjeld arbeidsvilkår, tildeling og rapportering, kommunikasjon, kompetanse og kvalitetsutvikling. Hovudansvaret for utforming av det konkrete kunst- og kulturtilbodet må framleis liggje i kommunar og fylkeskommunar.
16. Hordaland fylkeskommune støttar fullt ut at kulturskulen vert overført til Kulturdepartementet. Kulturskulen saknar verkemiddel på regionalt nivå. Fylkeskommunen bør få lovregulert regionalt ansvar for kulturskulen innan kompetanseutvikling, talentutvikling, koordinering mellom kommunane og betre samankopling mellom kulturskulen, DKS og Ungdommens kulturmonstring og betre samankopling mellom kulturskulen og vidaregåande opplæring.
17. Den sterke sentraliseringa på filmområdet er ei hovudutfordring for utvikling av den regionale bransjen, og Hordaland fylkeskommune etterlyser såleis ei offensiv haldning til korleis regional filmproduksjon kan styrkast. Dette kan danne grunnlaget for ein meir målretta og samla filmpolitikk til beste for ei sterk utvikling av filmmiljøet regionalt og nasjonalt. Som eit klårt andre sentrum for filmproduksjon i Noreg, må særleg Vestlandet sikrast innverknad ved overføring av mynde og midlar til regionalt nivå.

RETT UTSKRIFT:

DATO: 25. juni 2013

Fylkesrådmannen i Hordaland
Mikael Bertelsen